



Unnateke offentlegheit, jf. forvaltningslova § 13

AKTIVITETSPLIKTA – PLIKT TIL Å VARSLE

Skjema for varsling

Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø

Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.

(Opplæringslova § 9 A-4, 2. ledd)

Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor.

Rektor skal varsle skoleeigaren.

Dersom det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga, skal skoleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.

(Opplæringslova § 9 A-5)

Plikt til å varsle

Mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skolen kan basere seg på observasjonar av elevane, tilbakemelding i undersøkingar eller kartleggingar, beskjedar frå foreldre eller medelevar, aktivitet i sosiale medium m.v. som vekker ein mistanke. Dei tilsette må vere bevisste på at barn og unge viser sin utryggleik, frustrasjon, mistrivsel og liknande. På ulike måtar og med ulike uttrykksformar. Både utadvendt og innadvendt. Aggressiv eller passiv, grenselaus eller avvisande og isolerande veremåte kan vere signalar som tilseier at elevane sin situasjon skal undersøkast nærare. Det kan óg vere endringar i det sosiale samspelet mellom elevane eller i klassemiljøet som gjev mistanke om eller kjennskap til at skolemiljøet ikkje er trygt og godt. Kanalar for varsling må ha tilfredsstillande informasjonstryggleik av omsyn til at konfidensialitet vert ivareteke.

1. OPPLYSNINGAR OM ELEV

Eleven sitt namn:	
Klasse:	
Kontaktlærer:	

2. BAKGRUNN FOR SAKA

Kryss av

Mistanke om at eleven ikkje har det trygt og godt på grunn av medelev(ar)	
Kjennskap til at eleven ikkje har det trygt og godt på grunn av medelev(ar)	
Mistanke om at eleven ikkje har det trygt og godt på grunn av ein som arbeider på skolen	
Kjennskap til at eleven ikkje har det trygt og godt på grunn av ein som arbeider på skolen	
Andre årsakar til mistanken om at eleven ikkje har det trygt og godt	
Andre årsakar til kjennskapen om at eleven ikkje har det trygt og godt	

*Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.
(Opplæringslova § 9 A-2)*

Mistanke/kunnskap basert på	Sett kryss	Bakgrunnsinformasjon	Namn/kryss
Krenkjande ord eller handlingar		Eigen observasjon	
Fråver		Samtale	
Endring i sosialt samspel		Eleven sjølv har varsla	
Einsemd/isolasjon/tilbaketrekking		Ein annan elev har varsla	
Angst/depresjon		Ein føresett har varsla	
Grenselaus eller avvisande åtferd		Andre har varsla	
Sosiale media			
Anna			

Beskriv kort kva som har skjedd og korleis du har handtert saka:

Saka avslutta: JA / NEI

Føresette informert, dato: _____

Dato: _____

Namn på tilsett som har fylt ut skjemaet: _____

Kontaktlærer har fått kopi av varslinga: JA / NEI

Varslinga vert lagt i elevmappa til eleven/personalmappa til tilsett. Informasjonssikkerheit og konfidensialitet skal verte vareteken.

*Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.
(Opplæringslova § 9 A-2)*